

# HØYRING



**FORSLAG GRENSE- OG FORSKRIFTSENDRING  
SURNA NATURRESERVAT  
SURNADAL KOMMUNE**

Høyringsfrist 20.08.2022

*Framside: Sæterøya med Purka oppe til venstre (foto: Øivind Leren)*

Surna naturreservat var verna ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988. Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.

Naturreservatet består av fire delområde på samla 950 daa;

- Purka
- Sæterøya
- Grimsmo
- Ranesevja

I tillegg er det oppretta eit område med dyrelivsfreding på ca. 7.100 daa.

I ettertid har det komme betre kartverktøy, og dette har vist at grensa på kartet i kongeleg resolusjon er unøyaktig i forhold til naturtypar og eigedomsgrenser. Det har også skjedd endringar i anna lovverk som viltlova og naturmangfaldlova, og dette gjer bruken av dyrelivsfreding mindre aktuelt for fleire føremål. Det har også vist seg at dyrelivsfredinga er eit utilsikta hinder for uttak av mindre predatorarar som rev, grevling og kråkefugl som har beskattar raudlista fugleartar. Dette har vorte løyst med dispensasjonar etter naturmangfaldlova § 48, men dette er inga god løysning.

Statsforvaltaren hører etter dette eit framlegg til grense- og forskriftsendring som er godkjent av Miljødirektoratet 22.12.2021.

Det vert hørt på 2 alternativ:


- A) Oppheving av dyrelivsfredinga og mindre justeringar av grensa til naturreservatet. Endring i verneforskrifta.
- B) Reduksjon av arealet med dyrelivsfreding til ca. 1385 daa og mindre justeringar av grensa til naturreservatet. Endring i verneforskrifta.


Etter denne høyringa, vil statsforvaltaren på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit forslag om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Statsforvaltaren vil evt. sørge for at dei nye grensene til naturreservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten.

Framlegget til nye grenser i 2 alternativ går fram av vedlagte vernekart.


Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vedtak om grenseendring tidlegast skje i desember 2022.





Surna naturreservat, Sæterøya

Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke



## Forslag til grense for verneområde

Målestokk: 1:7 500 i A4

Ekvidistanse: 20 m


Koord.sys.: ETRS 1989 UTM Zone 32N



Grunnkartdata: FKB og N50 2020


Kartverket og Geovekst

360

Kartproduksjon: Statsforvalteren i Møre og Romsdal  
**Statsforvalteren i Møre og Romsdal, juni 2022**








## Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke

### Surnadal naturreservat

- Grense for redusert dyrelivsfredingsområde
- ▨ Område med oppheva dyrelivsfreding
- Grense for naturreservat



Målestokk: 1: 26000 i A4  
Grunnkartdata: FKB, NS og N20 2021  
Kartverket, Geovest, kommuner og OSM - Geodata  
0 255 510 1 020 m

Kartproduksjon: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, juni 2022

## **Alternativ A**

Forskrift om vern av Surna naturreservat, Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved kgl.res. av 27. mai 1988. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra 28. oktober 1988 nr. 1191 og xx.xx.202X.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jf § 10 og § 21, § 22 og § 23 er fire våtmarksområde ved utløpet av Surna i Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke, freda som naturreservat ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Surna naturreservat.

II

Reservatet omfatter følgjande område:

1. Purka

Dette området omfatter følgjande gnr/bnr:

51/1, 2, 31; 68/24, 53, 54.

Delområdet dekkjer eit areal på ca. 578 dekar.

2. Sæterøya

Dette området omfatter følgjande gnr/bnr:

48/1, 49/1, 3, 4, 6, 7, 13; 50/1, 3, 6, 7; 62/6; 63/2; 64/1, 2; 68/1, 2, 3, 4, 6, 13, 23, 37, 49, 86, 97, 209.

Delområdet dekkjer eit areal på ca. 213 dekar.

3. Grimsmo

Dette området omfatter følgjande gnr/bnr:

36/1, 33, 40, 80, 205; 48/2.

Delområdet dekkjer eit areal på ca. 82 dekar.

4. Ranesevja

Dette området omfatter følgjande gnr/bnr:

33/2, 3, 5, 6, 28; 35/1.

Delområdet dekkjer eit areal på ca. 53 dekar.

Reservatet er totalt på 946 dekar.

Grensene for reservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.2022. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Karta og fredingsføresegner blir oppbevarte i Surnadal kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### IV

For reservatet gjeld følgjande føresegner, jf likevel punkta V – VI:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging.

Nye planteartar må ikkje innførast.

2. Ved alle aktivitetar skal unødig skade og liding på villevende dyr og reira, bua eller hia deira, unngåast. Likeeins skal unødig jaging av villevande dyr unngåast; jf. § 15 i naturmangfoldlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.

Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.

Utsetjing av vilt er ikkje tillate.

3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmidde.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel til lands. Bruk av modellbåtar, modellfly og droner er forbode.

Camping, teltslagning og oppsetjing av kamuflasjeinnretningar for fotografering er forbode.

### V

Føresegnerne i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak med sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsføremål.

2. Slått, beiting og anna etablert jordbruksdrift i eller inntil det freda området.
3. Vedlikehald av grøfteutløp som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.
4. Vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner.
5. Sanking av bær og matsopp.
6. Fiske etter det lovverket og dei forskriftene som gjeld til ei kvar tid.
7. Bruk av motorbåt.
8. Motorferdsel til lands i næringsføremål.
9. Jakt på villmink og hjortedyr og dertil bruk av hund i samband med jakt, i samsvar med viltlova med forskrifter.
10. Vedlikehald av eksisterande teleliner/kablar.

## **VI**

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som naudsynt for å hindre bestandsmessige mistilhøve mellom ulike artar eller i tilhøvet art/miljø på grunn av menneskeskapte faktorar.
2. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er verstsplantar for skadeorganismer i jordbruket, fjerning av giftplantar.
4. Kontrollert tynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket.
5. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg, oppføring av gjerde m.m.

## **VII**

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsføremålet. Det kan utarbeidast skjøtselsplan, som skal innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## **VIII**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredingsføresegnene når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

## **IX**

Forvaltinga av fredingsføresegnene er lagt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

## **X**

Desse fredingsføresegnene trer i kraft straks.

## **Alternativ B**

Forskrift om vern av Surna naturreservat, Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved kgl.res. av 27. mai 1988. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra 28. oktober 1988 nr. 1191 og xx.xx.202X.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jf § 10 og § 21, § 22 og § 23 er fire våtmarksområde ved utløpet av Surna i Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke, freda som naturreservat ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Surna naturreservat.

I medhald av same lov § 14, jf. §§ 21 og 23 er det oppretta eit tilgrensande område med dyrelivsfreding.

II

Reservatet omfatter følgjande område:

1. Purka

Dette området omfatter følgjande gnr/bnr:

51/1, 2, 31; 68/24, 53, 54.

Delområdet dekkjer eit areal på ca. 578 dekar.

2. Sæterøya

Dette området omfatter følgjande gnr/bnr:

48/1, 49/1, 3, 4, 6, 7, 13; 50/1, 3, 6, 7; 62/6; 63/2; 64/1, 2; 68/1, 2, 3, 4, 6, 13, 23, 37, 49, 86, 97, 209.

Delområdet dekkjer eit areal på ca. 213 dekar.

3. Grimsmo

Dette området omfatter følgjande gnr/bnr:

36/1, 33, 40, 80, 205; 48/2.

Delområdet dekkjer eit areal på ca. 82 dekar.

4. Ranesevja

Dette området omfatter følgjande gnr/bnr:

33/2, 3, 5, 6, 28; 35/1.

Delområdet dekkjer eit areal på ca. 53 dekar.

Naturreservatet er totalt på 946 dekar. I tilknyting til naturreservatet er det og oppretta eit område på 1.385 daa med dyrelivsfreding.

Grensene for reservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.2022. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Karta og fredingsføresegnsene blir oppbevarte i Surnadal kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### IV

For reservatet gjeld følgjande føresegner, jf likevel punkta V – VI:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging.

Nye planteartar må ikkje innførast.

2. Ved alle aktivitetar skal unødig skade og liding på villevende dyr og reira, bua eller hia deira, unngåast. Likeins skal unødig jaging av villevande dyr unngåast; jf. § 15 i naturmangfoldlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.

Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.

Utsetjing av vilt er ikkje tillate.

3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmidDEL.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel til lands. Bruk av modellbåtar, modellfly og droner er forbode.

Camping, teltslagning og oppsetjing av kamuflasjeinnretningar for fotografering er forbode.

5. For området med dyrelivsfreding gjeld følgjande forskrift, jf. V, 10 og VI, 1:

Alle fugle- og pattedyrartar, også fuglereir, egg og ungar, er freda mot jakt og fangst, skade og øydelegging av alle slag.

V

Føresegne i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak med sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsføremål.
2. Slått, beiting og anna etablert jordbruksdrift i eller inntil det freda området.
3. Vedlikehald av grøfteutløp som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.
4. Vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner.
5. Sanking av bær og matsopp.
6. Fiske etter det lovverket og dei forskriftene som gjeld til ei kvar tid.
7. Bruk av motorbåt.
8. Motorferdsel til lands i næringsføremål.
9. Jakt på villmink og hjortedyr og dertil bruk av hund i samband med jakt, i samsvar med viltlova med forskrifter.
10. Vedlikehald av eksisterande teleliner/kablar.

VI

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som naudsynt for å hindre bestandsmessige mistilhøve mellom ulike artar eller i tilhøvet art/miljø på grunn av menneskeskapte faktorar.
2. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplantar for skadeorganismer i jordbruket, fjerning av giftplantar.
4. Kontrollert tynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket.
5. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg, oppføring av gjerde m.m.

VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsføremålet. Det kan utarbeidast skjøtselsplan, som skal innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

**VIII**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredingsføreseggnene når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

**IX**

Forvaltinga av fredingsføreseggnene er lagt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

**X**

Desse fredingsføreseggnene trer i kraft straks.